

Funksjonell strandsonekartlegging,
Andahavet / Langøy, Bømlo

Innhald

Bakgrunn	2
Samandrag	2
Innleiing.....	3
Oversikt.....	4

Bakgrunn

I etterkant av utsendt varselbrev om oppstart av detaljreguleringsarbeid for Andahavet Langøy, Bømlo kommune, PlanID201810 og 201701, kom det fleire innspel frå offentleg mynde om strandsone og strandsonekvalitetar.

Det er på denne bakgrunnen føreteke ei kartlegging av den funksjonelle strandsona innanfor planområdet Skutevik, Bømlo. Som metodikk har ein valgt å ta utgangspunkt i [Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen](#) og [Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger](#) samt [Strandsonerettleiaren for Vestland fylke](#). Her er hovudprinsippet for planlegging i strandsona at «strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging.» Dette ligg til grunn for vurderinga.

Dei statlege planretningslinjene pkt 3 slår fast det generelle byggeforbodet i strandsona:

Byggeforbudet i [pbl. § 1-8](#) gjelder de tiltak som fremgår av [pbl. § 1-6](#), med unntak av fasadeendringer. Dette innebærer at det i 100-metersbeltet langs sjøen ikke er tillatt å iverksette oppføring, riving, endring, endret bruk og andre tiltak knyttet til bygninger, konstruksjoner og anlegg, terrenginngrep eller opprettelse og endring av eiendom. Byggeforbudet gjelder også annen virksomhet og endring av arealbruk som vil være i strid med arealformål, planbestemmelser og hensynssoner.

Medan ein i pkt 4 differensierer dette på grunn av ulikt utbyggingspress i strandsona:

I områder med lite utbyggingspress og mye tilgjengelig strandsona, kan det i større grad godkjennes nye tiltak enn i områder som har lite tilgjengelig strandsonareal og stort utbyggingspress. Tiltak i 100-metersbeltet må alltid vurderes mot hensynet til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

For kommunar som ligg i sone 3 (blant anna Bømlo) som har mindre utbyggingspress, gjeld følgende (pkt 10.3 – Plassering av ny bebyggelse):

Utbygging bør så langt som mulig lokaliseres til områder som er bebygd fra før, og med vekt på fellesløsninger for vegar og annen teknisk infrastruktur.

Alternative plasseringer bør vurderes og velges dersom det er mulig. Det bør også vurderes om tiltaket kan trekkes vekk fra sjøen. Tiltak som tillates må tilpasses omgivelsene best mulig.

Samandrag

Ved å bruka same metodikk som over, finn ein i grove trekk at heile den aktuelle strandsona er å sjå på som så påverka av privatiserande tiltak (les: bustadar, industriområde og industribygg), og at det ikkje lenger finnes funksjonell strandsona med opplevde naturverdiar som gjer området attraktivt for

ålmenta til å leggja fritidsaktivitetar til. Når ein legg til at det delar av planområdet ligg inntil kommunal veg og at sjøområdet har blautbotn/evje som gjer området ueigna til fisking og badeaktivitet - er det planleggjar sin konklusjon at området er best eigna til fortetting, og at det ikkje går tapt viktige verdiar for allmenn ferdsle, friluftsliv eller naturverdiar.

Innleiing

Føremålet med detaljreguleringsplanen er å planleggja for bygging av inntil 25 nye naust og 2 bygningar for kystfiskeri i henhold til planskisse. Innanfor planområdet vert det tilrettelagt for naudsynt trafikkareal, parkering, kaiar, flytebrygger og småbåthamn i sjø. Tilførselsveg langs naustområdet er allereie utbygd som kommunal veg, Alvsvågsvegen og privat veg, Langøyvegen. Området kan delast i to – **Andahavet** som ligg lengst i nord, og som er ei lukka vik, prega av blautbotnsområde og stillestående sjø, og **Langøy**, som er ei øy som i stor grad er bebygd og privatisert. Her er det større sirkulasjon i vassmassane, og her finn ein til dels skjelsandsbotn.

I det vidare vert det forutsett at planomtale for detaljreguleringsplan Andahavet Langøy er lest, og det vert i utgangspunktet ikkje gjenteke tema som er omtala der. Kartlegginga tar for seg alle eigedomar innanfor plankartet, eller dei delane av eigedomar som er innanfor plankartet. I gjennomgangen under føl me planområdet frå sør til nord, tomt for tomt.

Bilder er henta frå fonnakart.no (flyfoto), og eigne dronebilder frå synfaring i området, føreteke av planleggjar.

Planomfanget er sett av Bømlo kommune, og består av to opprinneleg separate planar, som er slått saman til ein større og meir heilhetleg plan. Basert på innspel frå oppsitjarar er ein mindre del teke ut av planen, men det er fortsatt samanheng mellom områda.

Oversikt


Bildet viser heile planområdet, med Langøy i sør, Andahavet øst i midten.

Planomfanget for Langøy gjeld aust for vegen som deler øya om lag på midten. For Andahavet gjeld det også området aust for Alvsvågsvegen, med nokre unntak.

Nesten heile planområdet på Langøy ligg nærare eksisterande bustadhus enn 50m, ref kriteria ovanfor. Etter desse kriteria er Langøy sterkt påverka av privatiserande tiltak (bustad og industriområde), og har så nær som ikkje attståande funksjonell strandsone.

Difor vert den sørlegaste delen av Langøy, viktig som grøntområde. Denne delen er også godt synleg frå sjøsida, og har dermed viktig landskapseffekt.






Utsnitt henta frå planavgrensing – som viser den sørlegaste delen av Langøy



Utsnitt frå kommuneplanen som viser den sørlegaste delen av Langøy. Grøntområde vises nedst og til høgre.


Denne delen av planområdet vert i planframlegget sett av til friluftsområde, og er godt utnyttbart for ålmenta til friluftsliv og rekrasjon, som t.d fiske. Delen har tilkomst frå privat veg, og ligg Samstundes har område ein viktig landskapsverdi, ettersom det er godt synleg frå sjøsida i innseilinga til Melandsvågen. Ser ein på området i lys av funksjonell strandsonekartlegging ligg det aller meste av arealet for nær eksisterande busetnad til å ikkje opplevast som delvis privatisert. Det vert i planframlegget foreslått tillatt og kunne tilrettelegge med bord/benker og liknande innretningar, og at friområdet skal vera fritt tilgjengeleg for ålmenta.



Langøy med innteikna avstandssirklar i gult frå eksisterande bustadhus og industribygg ihht til kritiera for identifisering av funksjonell strandsoner. Føreslåtte naustbygg innteikna i grønt. Som illustruert vert så nær som heile strandsona liggjande innanfor 50m avstand til eksisterande bustadhus og industribygg. Det er allikevel sett som viktig å halda på den sørlegaste delen av Langøy som friområde/grøntområde for ålmenn tilgjenge. Dette er også i henhold til kommuneplan.


G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
-----------	-------	-------------	-----------

110/287	Ståle Alvsvåg		
---------	---------------	--	--




Denne tomte er allerede sprengt ut og planert og har såleis ikkje utprega strandsoneverdiar att. Tomta ligg inntil føreslått friområde. Tomta er lett tilgjengeleg via privat veg. I tillegg ligg tomte – som alle tomter – nær bustadhus og oppleves som privatisert.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/324	Leiv Ermland		



Tomta er delvis utsprengt og ligg inntil bustadhus. Tomta har difor inga funksjonell strandsoneverdi att, ref kriteria overfor. Som område for allment friluftsliv er området ueigna.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/323	Ejnar Hedegaard-Larsen		



Denne tomta er også delvis utsprengt i bakkant, og ligg på det næraste 8.5m frå bustadhus. Tomta har difor inga funksjonell strandsoneverdi att og vil opplevast som privatisert, ref kriteria overfor.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/289	Leiv Ermland		




Tomta er naturtomt, men ligg nær bustadhuset 110/286 og har såleis ingen funksjonell strandsone att. Det vert planlagt å leggja området mellom 110/289 og 110/323 som grøntområde med allmenn tilgong, med mulighet for å laga til fiskeplass med universal tilkomst.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/322-321-320	Ivar Martin Alvsvåg		




Desse tre tomtene er naturtomter som har landskapsverdi som grøntområde. Området har allereie utskilte tomtar og utskilt areal til veg i bakkant og felles parkeringsplass på 110/325. Nærleik til bustadhus gjer at strandsona ikkje kan kategoriserast som funksjonell strandsona.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/319	Martin Ingvar		
110/229	Alvsvåg		



Tomtene 110/319 og 110/229 har felles eigar med bustadhuset 110/139 og er utbygd med hhv kai og naust. Det er ikkje planlagt ytterlegare tiltak på desse tomtene. Området er privat og har ingen tilgong for ålmenta.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/140	Roar Espevold		




110/140 er ei stor tomt med areal sett av både til bustadhus og naust i gjeldande kommuneplan. Sjølve strandsona er urørt men relativt utilgjengeleg for ålmenta ettersom området er brattlendt. I tillegg er den som den øvrige strandlinja på Langøy, innanfor 50m frå eksisterande bustadhus.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/108, 124	Ivar Martin Alvsvåg		



Tomtene består av eit bustadhus, og ein bygning for kystfiskeri. I sørre delen av b.nr 108 er det bygd ut ein molo. Det er laga kai langs heile strandlinja. praksis er heile strandsona nedbygd, og avstanden til bustadhuset tilseier at dette ikkje kan reknast som funksjonell strandsona tilgjengeleg for ålmenta. Innan b.nr 108 / 124 er det planlagt to bygg for kystfiskeri.

G.nr b.nr **Eigar** **Byggeområde** **Kommentar**
110/101, 216 Anne Berit Mæland



110/101 og 110/216 er ei stor tomt med areal sett av både til bustadhus og naust i gjeldande kommuneplan. Sjølve strandsona er delvis utbygd med naust og kai. I tillegg er den som den øvrige strandlinja på Langøy, innanfor 50m frå eksisterande bustadhus. Området vert opplevd som privat, og har ikkje allmenn tilgong.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/84	Steinar Bukkøy & Vibeke Alvsvåg		



110/84 er ei stor tomt med areal sett av både til bustadhus og naust i gjeldande kommuneplan. Sjølve strandsona er delvis utbygd med kai, og det er planlagt bygd eitt naust her. I tillegg er den som den øvrige strandlinja på Langøy, innanfor 50m frå eksisterande bustadhus.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/1-7	Felleseige, 7 personar		



110/1-7 er eit sameige. Tomta er ubebygd og er naturtomt. Tomta er brattlendt og utilgjengeleg for ålmenta og lar seg ikkje nyttast slik ho ligg i dag. Tomta ligg tett opp til eit eksisterande bustadhus i søraust (110/84).

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/55	Alvsvåg Notlag		



110/55 er eit sameige frå eit gammalt notlag. Tomta er ubebygd men grensar til industriområde i nord. Så nær som heile tomte er prega av sprengstein og utfylling og har lite naturverdi att for ålmenta. Tomte og sjølinja er tilgjengeleg for ålmenta via privat veg.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/15, 79, 81	Alf Magnar Alvsvåg Ivar Martin Alvsvåg Magne Alvsvåg		



Desse tre eigedomane er i kommuneplanen avsett til næringsføremål og har i mange år fungert som fiskerikai. Her er utbygd med næringsbygg, kai og flytebrygger.

Mellom 110/15 i sør og 110/259 i nord går det ein tidevasstraum som er lokalt viktig for vassirkulasjon og dermed sjøvasskvaliteten. Denne vil ikkje verta hindra eller påverka av ei eventuell utbygging.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/259	Kåre Valde		
110/210	Frank Valde		



Både 110/259 og 110/210 er utbygde med fritidsbygg. Her er etablert kaiar og båtopptrekk. Det skal ikkje gjerast ytterlegare tiltak på desse område. Bildet viser også brua på Langøyvegen, der det går ein lokalt viktig tidevasstrøm.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/275	Børre Mæland		



110/275 er prega av sprengstein og utfylling, og har få gjenstående verdier att for ålmenta. Det er tilgjenge til tomta via privat veg.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/243	Bjørn Søvik Fylkesnes		
110/303	Siv Espevold		
110/224	Jan Gunnar Mathiesen		
110/245	Jarle Mæland		
110/244	Daniel Fylkesnes		
110/215	Roy Audun Agasøster		
110/206	Roy Audun Agasøster		
110/83	John Arne Thormodsæter		





Sett frå nord, 110/83 heilt til høgre i bildet


Denne delen av området har eksisterande bebyggelse av større naustbygg, kaiar og flytebrygger. Her skal det ikkje gjerast tiltak gjennom planen, og dette området er teke ut av reguleringsområdet i samråd med Bømlo kommune.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/125	Kari Lillian Innvær		



Tomta er naturtomt, men ligg like ved eit industribygg (nedst i bildet) og har såleis ikkje funksjonell strandsone att etter definisjonen gitt over. Den austlegaste delen av tomta er fylt ut med sprengstein. Elles har tomta innslag av busk og tre, som lyng og furu. Det er god tilkomst for ålmenta til strandsona her via kommunal veg.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/270	JRN Eiendomsutvikling AS		



Tomta er delvis naturtomt med buskar og mindre trær, som lyng, einer og furu. Størstedelen av tomta er utfyllt med sprengstein, og strandsona ligg for det meste innanfor 50m avstand til eit industribygg. Tomta ligg inntil kommunal veg. Den innerste delen av tomta (V/NV) vert halde inngrepsfri. I tillegg vert byggetiltak trekt nærare land enn det kommuneplanen opnar for grunna blautbotnsområde utanfor.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/112	Svein A. Madsen Laila Irene Økland		



Denne tomte ligg like ved den kommunale vegen Alsvågsvegen, og ligg på ein knaus med lyng, einer og mindre furutrær. Sjølve strandlinja er uberørt, men lite tilgjengelig for ålmenta ettersom det er brattlendt. Tomta inngår i eit landskapselement som knaus, men er i røynda ikkje eigna for friluftaktivitetar.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/111	Jørgen Alvsvåg		



Denne tomte ligg like ved den kommunale vegen Alvsvågsvegen, og ligg på ein knaus med lyng, einer og mindre furutrær. Sjølve strandlinja er uberørt, men lite tilgjengelig for ålmenta ettersom det er brattlendt. Tomta inngår i eit landskapselement som knaus, men er i røynda ikkje eigna for friluftaktivitetar.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/113	Ingebjørg E. Møgster		



Denne tomte ligg like ved den kommunale vegen Alvsvågsvegen, og ligg på ein knaus med lyng, einer og mindre furutrær. Sjølve strandlinja er uberørt, men lite tilgjengelig for ålmenta ettersom det er brattlendt. Tomta inngår i eit landskapselement som knaus, men er i røynda ikkje eigna for friluftaktivitetar.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/132	Magnhild Alvsvåg		



Denne tomte ligg like ved den kommunale vegen Alvsvågsvegen, og er i dag utbygd med eitt mindre naust, samt båtopptrekk. Den nordste delen av strandlinja er prega av utfylt stein mens den sørligaste delen har noko gjenstående urørt strandsone.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
-----------	-------	-------------	-----------

110/218	Jarle Alvsvåg		
---------	---------------	--	--



Denne tomte ligg like ved den kommunale vegen Alvsvågsvegen, og er prega av utfylt sprengstein i grensene, og har elles lite attståande naturverdi for ålmenta slik ho ligg i dag.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/205	John Helge Møgster		



Denne tomte ligg like ved den kommunale vegen Alsvågsvegen, og er stort sett utfylt med sprengstein. Ingen attståande verdiar for ålmenta slik det framstår i dag.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/226	Arne Waage		



Denne tomte ligg like ved den kommunale vegen Alsvågsvegen, og er utfylt med sprengstein. Ingen attståande interesse for ålmenta. Det er planlagt bygd naust i grupper innanfor dette området, slik at det er tilkomst til strandsona for ålmenta.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/214	Kjell Økland		



Tomta er så nær som heilt utfylt med sprengstein, og ligg i tillegg innanfor 50m avstand frå bustadhus. Tomta har såleis inga attståande funksjonell strandsone. Det er planlagt bygd nausti i grupper innanfor dette området, slik at det er tilkomst til strandsona for ålmenta.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/302	Terje Fylkesnes		



Tomta er så heilt utfylt med sprengstein, og ligg i tillegg innanfor 50m avstand frå to bustadhus. Tomta har såleis inga attståande funksjonell strandsone. Det er planlagt bygd naust i grupper innanfor dette området, slik at det er tilkomst til strandsona for ålmenta, og at det er utsikt frå vegen utover i Andahavet.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/35	Elisabeth Alvsvåg		



Tomta er så heilt utfylt med sprengstein, og ligg i tillegg innanfor 50m avstand frå eit bustadhus. Tomta har lite attståande funksjonell strandsoneverdi. Det er planlagt ein tursti i bakkant av nauset.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/299	Svein Arild Madsen		
	Laila Iren Økland		
110/298	Oddbjørn H. Alvsvåg		



Begge tomtene er utbygd med naust og kai, og ligg i tillegg innanfor 50m avstand frå eit bustadhus. Tomtene har såleis inga attståande funksjonell strandsone, men det er tilkomst til strandsona langs kai. Det er planlagt ein tursti i bakkant av nausta.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/273	Hans Are Fylkesnes Nina Økland		



Tomta er så heilt utfylt med sprengstein, og ligg i tillegg innanfor 50m avstand frå eit bustadhus. Tomta har såleis inga attståande funksjonell strandsone. Det vert tilkomst for ålmenta både langs kai, og langs ein planlagt tursti i bakkant av nausta.

G.nr b.nr	Eigar	Byggeområde	Kommentar
110/272	Lydia Dale		



Tomta er utfylt med sprengstein, og ligg i tillegg innanfor 50m avstand frå eit bustadhus. Naustbygga er planlagt grupperte for å opne opp mellom bygg og gje tilkomst til strandsona langs kai. I tillegg er det planlagt ein tursti i bakkant av nausta.

25.07-23, rev2
Vidar Onarheim
Planlegg Bømlo AS